

Saksframlegg

Konsesjonskraft IKS

Saksnummer	Utval	Møtedato
45/24	KIKS - Styret	15.11.2024
13/24	KIKS - Representantskapet	19.12.2024

Revisjon av selskapsavtale grunna endring av eigardel

Dagleg leiar tilrår:

Revidert selskapsavtale blir vedteken, og blir oversendt kommunestyra og fylkestinget for behandling.

KIKS - Styrets behandling i møte 15.11.2024:

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak i KIKS - Styret 15.11.2024:

Revidert selskapsavtale blir vedteken, og blir oversendt kommunestyra og fylkestinget for behandling.

KIKS - Representantskapets behandling i møte 19.12.2024:

Dagleg leiar 2024 orienterte om revisjon av selskapsavtala og hvilke endringar som er føreteke:

- Endring i eigardel grunna endra volum hos deltakarane: Langsiktige kraftavtalar som Kvinesdal kommune, Sirdal kommune og Vest-Agder fylkeskommune hadde inngått før dei vart deltakarar i Konsesjonskraft IKS er nå gått ut, og desse konsesjonskraftvolumane har nå som avtalt gått inn i Konsesjonskraft IKS. Eigardelane må då justerast tilsvarende, og full effekt for årsvolumet vil gjelde frå år 2025.

- Endring i oppstartsdato for reforhandling: Oppstart for reforhandling av avtala er endra i tråd med sikringshorisont på 3 år. Oppstart av reforhandling er flytta frå 2024 til 2026.

Vedtak i KIKS - Representantskapet 19.12.2024:

Revidert selskapsavtale blir vedteken, og oversendt kommunestyra og fylkestinget for behandling.

Saksutgreiing:

1. Bakgrunn for saka

Fleire av deltakarane har fått endra konsesjonskraftvolumet sitt i forhold til selskapsavtalen som vart signert i desember 2020, og det er konsesjonskraftvolumet som er grunnlaget for eigardelane i selskapet. Jamfør IKS-lova §4 og selskapsavtalen §11 skal då selskapsavtalen handsamast på nytt av alle deltakarane.

2. Saksopplysningar

Langsiktige kraftavtalar som Kvinesdal kommune, Sirdal kommune og Vest-Agder fylkeskommune hadde inngått før dei vart deltakarar i Konsesjonskraft IKS er nå gått ut, og desse konsesjonskraftvolumane har nå som avtalt gått inn i Konsesjonskraft IKS. Eigardelane må då justerast tilsvarande, og full effekt for årsvolumet vil gjelde frå år 2025.

3. Vurdering

Endringane i selskapsavtalen er som følgjande:

§ 1 – Firma

-Den reviderte selskapsavtalen vil erstatte den eksisterande selskapsavtalen når den blir vedtatt, har derfor endra siste ledd til å nå lyde «(...) erstattar tidlegare selskapsavtale frå desember 2020».

§ 11 – Eigardel og ansvarsdel

-Her er tabellen med eigardelar endra til å vere gjeldande frå 1.januar 2025:

Eigardel pr 1.1.25	i %
Agder fylkeskommune	54,05 %
Sirdal kommune	8,44 %
Bykle kommune	7,77 %
Kvinesdal kommune	7,73 %
Åseral kommune	3,39 %
Valle kommune	3,32 %
Bygland kommune	2,57 %
Vennesla kommune	2,57 %
Froland kommune	1,91 %
Lindesnes kommune	1,52 %

Åmli kommune	1,46 %
Iveland kommune	1,32 %
Flekkefjord kommune	1,04 %
Evje og Hornnes kommune	0,77 %
Arendal kommune	0,76 %
Grimstad kommune	0,62 %
Birkenes kommune	0,40 %
Lyngdal kommune	0,28 %
Kristiansand kommune	0,06 %
Hægebostad kommune	0,02 %

§ 17 – Andre reglar

-Her er også referansen til tidlegare selskapsavtale endra.

-Det er også endra tidspunkt for når intensjonen er å reforhandle selskapsavtalen. Selskapsavtalen varer ut 2029, og grunnen til at det stod at den skulle reforhandlast i 2024 var at ein tidlegare skulle ta omsyn til ein fem års sikringsstrategi. Vi har no ein tre års sikringsstrategi, så det er difor endra til reforhandling i 2026.

Valle, den 08.11.2024

Torbjørn Haugen
Dagleg leiar